

**Journalist Mona Vetrhus frå Uskedalen har digga det svenske diktet *Landet som ickje är* sidan ho var liten. I ettermiddag prøver ho å finna ut kvifor dette mystiske diktet har gjort så sterkt inntrykk.**

Då Mona var 13 år leste mor hennar diktet for ho, og ho syntes det var rart og gåtefullt. Det var spesielt ein setning ho likte godt: "Mitt liv var en het villa". Eit sånt varmt liv og eit sånt hus ville ho og ha!

Men kvifor blei dette diktet, som ho ikkje heilt forstod, så viktig? Var det berre eit sånt søtsuppe dikt som ein liker når ein er tenåring?

Mange år seinare, I 2003 starta ho på Forfattarstudiet, og der holdt professor Eldrid Lunden eit foredrag om nettopp Edith Södergran. Ho hørte diktet igjen og blei overraska over kor fint det framleis var.

Bli med Bok i P2 på tur til landet som ikkje er. For å koma dit, må vi til Bø i Telemark. Det er der Eldrid Lunden held til.

NRK P2 kl. 17.03